



UKM 11/19: Fokussak på UKM 2020

Bakgrunn

Denne saka har opphav i UKM-sak 06/10: Kartlegginga syner at det kan vere vanskeleg å organisere UT i bispedøma slik at dette står i ein naturleg samanheng med UKM, og at ei viss samkøyring av saker hadde vore ønskjeleg. UKM vil derfor be Ufung om å prøve følgjande modell for og gje UT høve til å handsame sakene før dei sender sine delegater til UKM: På det aktuelle UKM lanserast eit tema som blir sak på det påfølgjande årets UKM. Denne saka tar UR attende til UT som får frie tyglar med tanke på korleis dei handsamar temaet. Handsaminga og vedtaket-/a blir sendt til Ufung før ferdigstilling av sakspapira til UKM. Viss mogleg ønskjer UKM at dette blir ein sak som skal på kyrkjemøtet. UKM bed Ufung leggje til rette for at val av tema blir ein prosess der det regionale leddet involverast og har medråderett.

Kyrkjerådet sitt utval for ungdomsspørsmål legg fram tre tema som UKM 2019 kan ta stilling til som fokussak for UKM 2020. Det er og mogleg for delegatane å fremje alternative tema, med ein kort tekst som seier litt om retning og hovudinnhald i saka.

KLIMA – berekraftig kyrkje

Ungdommens kyrkjemøte har fleire gongar hatt klima som underliggjande tema, men ikkje som eksplisitt sak dei siste åra. På Kyrkjemøtet 2019 vart ein resolusjon som støtta klimastreikande ungdom vedteke. Dette viser noko av engasjementet som finst i kyrkja for ei meir berekraftig innstilling til skaparverket. Som samfunnet elles syner, har ungdom ofte ei meir progressiv og «hands on» tilnærming til store spørsmål og utfordringar. Årets UKM kunne difor også ha kome med eit utsegn om klima, men har valt å *gjere det* i staden for å *snakke om det/skrive om det*. Årets UKM blir arrangert som grønt UKM, og vi vil lage ein rapport som syner kva tiltak som er gjort, val som har blitt teke og kvar forbetningspotensialet ligg. Ved å ha klima som ei fokussak fram til neste UKM vil fleire instansar i ungdomsdemokratiet kunne jobbe konkret med tiltak for å gjere kyrkja meir klimatilpassa og bli meir berekraftig organisasjon/kyrkje.

DEBATTKLIMA – korleis snakkar vi om og til kvarandre?

I løpet av dei siste åra har klimaet i den offentlege debatten blitt stadig hardare. Terskelen for å snakke ned eller stygt *om* eller *til* kvarandre har blitt lågare. Kommentarfelta inneheld fleire stygge ord, og folk har blitt meir kreative når det kjem til stygge kallenamn på meningsmotstandarar. Kva gjer dette med oss? Vil det at vi heile tida høyrer stygge og nedlatande påstandar om våre medmenneske, bidra til faktisk nedvurdering av andre menneske? Korleis påverkar det oss som menneske og som kristne, å høyre at andre menneske blir rangert etter utsjånad, etnisitet, seksualitet eller politiske standpunkt? Opnar den stadig hardare offentlege debatten for at vi i kvardagen også snakkar stygt om kvarandre? Og går det an å motverke dette? I den kristne tradisjonen står nestekjærleik, respekt for menneske og det at alle menneske har lik verdi, sterkt. Er vi som kristne difor forplikta til å seie frå når debatten sporar av i hets, sjikane og personangrep? Då bispemøtet uttalte seg om abortsaka i februar 2019, sa



dei «*Det er på tide å skape eit nytt samtaleklima. Det ynskjer vi å medverke til.*» Har kyrkja eit ansvar knytt til korleis vi snakkar om og til kvarandre? Og korleis kan ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkja medverke til dette?

KYRKJE 2030 – og vegen dit

Korleis skal vi vere kyrkje i 2030? Allereie i år har UKM dette på sakskartet for å kunne starte arbeidet, og samtidig finne retningar som er spennande å jobbe vidare med. Ut i frå vedtaka frå årets UKM vil vi kunne peile ut kva vi ynskjer å jobbe vidare med. Vi vil ha moglegheit til å vere ei tydeleg stemme inn i denne viktige samtalen i kyrkja vår. Korleis ynskjer vi å vere kyrkje i 2030? Og kva vil vere dei viktige grepa som kyrkja må ta for å kunne halde fram å vere ei open, vedkjennande, tenande og misjonerande folkekyrkje i 2030? Saman med råd og utval på alle nivå i kyrkja, vil UKM vere med å påverke og peike på ei retning vidare for kyrkja vår, i ei ny tid.